



Adresseinformasjon fylles inn ved
ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 21.06.2021

Vår ref: 21/02096-1

Dykkar ref:

Kyrkjevalet 2023: Høyring om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Før kyrkjevalet i 2023 må reglar for kyrkjeval bli vedatt på nytt. I denne høyringa er paragrafane i kirkevalreglene som gjeld val av prest og lek kyrkjeleg tilsett samla i eit eige sett med reglar. Det blir foreslått å gå over til digitale val, elles blir det berre foreslått mindre endringar.

Høyringa her gjeld reglane for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett som vil gjelde i 2023. Høyringa om kyrkjeleg organisering inneheld også spørsmål om valordning for prest og lek kyrkjeleg tilsett, men ei eventuell ny valordning i samband med ny kyrkjeleg organisering vil etter planen først gjelde frå kyrkjevalet i 2027.

Spørsmålet om preferanseval eller fleirtalsval ved val av prest og lek kyrkjeleg tilsett var på høyring hausten 2020. På grunn av utsetting av Kyrkjemøtet i 2021 er dette ikkje avgjort. I forslaget til reglar er det presentert paragrafar for preferanseval og fleirtalsval. Om valet skal gjennomførast som preferanseval eller fleirtalsval er ikkje eit spørsmål i denne høyringa. Det vil Kyrkjemøtet i 2021 ta stilling til basert på høyringa som blei gjennomført i 2020. Kyrkjerådet har vedtatt å anbefale Kyrkjemøtet at ein held fram med preferanseval.

Det er foreslått at Kyrkjemøtet i 2022 blir flytta frå april til september. Ein del av arbeidet med planlegging av kyrkjevalet, særleg det å setje opp og teste digitalt valsystem, må skje før september 2022. Reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett blir difor sendt på høyring no så reglane kan bli vedtatt på Kyrkjemøtet i 2021.

Denne høyringa blir sendt til bispedømmeråda, Den norske kyrkja sitt ungdomsutval, KA og arbeidstakarorganisasjonane i KAs tariffområde. For å rekke å gjennomføre høyring før Kyrkjemøtet i 2021 er denne høyringa sendt ut administrativt. Det betyr at den ikkje har vore handsama i Kyrkjerådet.

Frist for å sende inn høyringssvar er **15. september 2021**. Kyrkjerådet er kjent med at enkelte bispedøme kan ha vanskar med å nå denne fristen på grunn av møteplanen, og ber om at dei det gjeld tar kontakt med seniorrådgivar Margit Aas Onstein på mo244@kirken.no for å avtale frist for innsending.

Høyringsvara kan sendast inn elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no. Alle kan gi høyringsfråsegn. Høyringsfråsegn er offentlege etter offentleglova og vil bli publisert på kyrkja.no.

Med helsing

Ingrid Vad Nilsen
Direktør

Ole Inge Bekkelund
Leiar juridisk seksjon

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Høyringsnotat reglar prest og lek kyrkjeleg tilsett
Forslag til reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Mottakarar:

Agder og Telemark bispedømmeråd	Postboks 208	4662 KRISTIANSAND S
Borg bispedømmeråd	Bjarne Aasgt. 9	1606 FREDRIKSTAD
Bjergvin bispedømmeråd	Postboks 1960	5817 BERGEN
Hamar bispedømmeråd	Postboks 172	2302 HAMAR
Nidaros bispedømmeråd	Kongsgårdsgata 1a, Erkebispegården	7013 TRONDHEIM
Nord-Hålogaland bispedømmeråd	Postboks 790	9258 TROMSØ
Oslo bispedømmeråd	Postboks 9307 Grønland	0135 OSLO
Stavanger bispedømmeråd	Lagårdsveien 44	4010 STAVANGER
Sør-Hålogaland bispedømmeråd	Tolder Holmers vei 11	8003 BODØ
Tunsberg bispedømmeråd	Postboks 10 Kaldnes	3119 TØNSBERG
Møre bispedømmeråd	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
KA - Kirkelig arbeidsgiverorganisasjon	Postboks 1034 Sentrum	0104 OSLO
Kirkelig Undervisningsforbund	Rådhusgata 1-3	0151 OSLO
Det Norske Diakonforbund	Rådhusgate 1-3	0151 OSLO
Fagforbundet Teologene	Boks 7003 St. Olavsplass	0130 OSLO
DELTA - Arbeidstakerorganisasjon		
Presteforeningen		
Creo	Postboks 9007, Grøland	0133 OSLO
Akademikerforbundet	Tollbugata 35	0157 Oslo
Arkitektenes fagforbund	PB 5899 Majorstuen	0308 Oslo
Econa	Postboks 1869 Vika	0124 Oslo
Fellesorganisasjonen	Pb 4693 Sofienberg	0506 Oslo
Forskerforbundet	Postboks 1025 Sentrum	0104 Oslo

Lederne	Storgata 25	0184 Oslo
Naturviterne	Keysers gate 5	0165 Oslo
NITO	Postboks 1636 Vika	0119 Oslo
Norges Juristforbund		
Norsk Lektorlag	MBE 326Postboks 1	0028 Oslo
	Youngstorget	
Norsk Sykepleierforbund	Postboks	0104 Oslo
	456Sentrum	
Parat	Postboks 9029	0133 Oslo
	Grønland	
Samfunnsviterne	Kristian Augusts gt. 9	0164 Oslo
Samfunnsøkonomene	Kr. Augustsgt. 9	0164 Oslo
Tekna	Postboks 2312 Solli	0201 Oslo
Utdanningsforbundet	Postboks 9191	0134 Oslo
	Grønland	
Den norske kirkes ungdomsutvalg		